

Sogn regionråd

”Sats på skulen - snu Sogn”

Utviklingsprogram
2006 - 2012



September 2006

I n n h a l d

1. Bakgrunn og utgangspunkt for programmet	2
2. Arbeidet i arbeidsgruppa	3
3. Oversyn over eksisterende samarbeid om skuleutvikling i Sogn	3
4. Mål	4
5. Utfordringar og suksesskriteria	4
6. Langsiktig program for samarbeid om skuleutvikling i Sogn	5
7. Organisering og styring	5
8. Finansiering	5
9. Øvrige føresetnader for programmet	6
10. Prosjekt/delprogram	7
11. Framdriftsplan	13

1. Bakgrunn og utgangspunkt for programmet

Rådmannsgruppa i Sogn regionråd sette den 24.03.06 ned ei arbeidsgruppe for å få vurdert korleis ein kan samarbeide om skuleutvikling i Sogn. Arbeidsgruppa var samansett slik: Vidar Roseth, leiar, Claus Røynesdal, Alf Olsen jr, Jorunn Nythingnes.

Bakgrunnen for initiativet er tredelt:

1. Utviklinga i vår region.

Folketalet går tilbake i Sogn, og regionen har ei dårleg utvikling samanlikna med andre delar av fylket. Det er strukturelle problem i næringslivet og Sogn framstår ikkje som mest aktive/dyktige i høve til entreprenørskap og innovasjon. Det er for liten grad av kobling mellom behovet for kompetanse og arbeidskraft i regionen og det utdanningstilbodet som vert gjeve lokalt. Det er eit aukande medvit om at skulen kan vere eit verktøy som kan nyttast for å bidra til å snu denne utviklinga. Gjennom ein partnerskap med fylkeskommunen og ein regionalplan for Sogn vil ein kunne utløyse økonomiske midlar og andre virkemiddel.

2. Kunnskapsløftet.

Vi står føre gjennomføring av ei reform som skal gje skulen eit løft. Dette stiller auka krav og talar for auka regionalt samarbeid i høve til kompetanseutvikling. Det vert og avsett mykje midlar til kompetanseutvikling i samband med kunnskapsløftet som kan gjere det mogeleg med fleire fellessatsingar.

3. Kommunane sin rolle som skuleeigarar.

Gjennom meir aktive skuleeigarar får ein naturleg auka fokus på utviklingsarbeid i den einskilde kommunen og på samarbeid i mindre regionar. Behovet for tiltak på fylkesplan vert ein del nedtona. Både KS og fylkesmannen ser det som rett og fornuftig at meir av ressursane vert behaldne av kommunane, eventuelt til delvis bruk på regionalt nivå. Dette aukar også høvet til fellessatsingar i ein region som Sogn.

Arbeidsgruppa la fram ei fyrste programsjisse i juni 2006 og etter tilråding frå rådmannsgruppa gjorde Sogn regionråd gjorde den 23.06.06 slikt vedtak:

- I. Det vert gjennomført eit program for samarbeid om skuleutvikling i Sogn for perioden 2006-2012, med ny vurdering/evaluering etter tre år.
- II. Mål for programmet: 1. Meir kompetanse for den einskilde elev og 2. gje eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutvikling i regionen.
- III. Programmet skal innehalde desse prosjekta/delprogramma:
 - Kompetanseutvikling for skuleleiarane
 - Kommunen som skuleeigar – sjå skuleutvikling i samanheng med samfunnsutviklinga
 - Fagnettverk
- IV. Programmet vert finansiert ved at kommunane set av 20 % av årlege kompetanseutviklingsmidlar (inkl 1,5 % til fylkesplan) og ved at regionrådet set av kr 200.000 årleg i samband med regionalplanen for Sogn.
- V. Den nedsette arbeidsgruppa får ansvar for å utarbeide ein nærare plan for programmet innan 15.09.06. Den vidare organiseringa vert å ta stilling til når denne planen ligg føre. Inger Pedersen, Sogndal kommune, tiltrer i arbeidsgruppa i det vidare arbeidet.
- VI. Før vedtak i regionrådet hausten 2006 skal saka til handsaming i kommunane.
- VII. Skuleutvikling skal vere eit hovudtema på fellesmøte mellom formannskapa i oktober 2006.

2. Arbeidet i arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa har hatt to møte før juni-vedtaket i regionrådet (13.05.06 og 24.05.06) og to etter (16.08.06 og 07.09.06). Gruppa har i den fyrste fasen hatt bistand frå høgskulelektor Jan Julusmoen ved HSF som er frikjøpt av fylkesmannen for å arbeide i høve til skuleutvikling regionalt. Spesialkonsulent Norunn Haugen har hatt ein tilretteleggjings- og sekretærfunksjon. Arbeidsgruppa sitt siste framlegg vart godkjent av rådmannsgruppa i møte den 15.09.06, med nokre endringar som er innarbeidde i dette dokumentet.

3. Oversyn over eksisterande samarbeid om skuleutvikling i Sogn

3.1 Regionsamarbeid på leiarnivå

Ein representant frå kvar kommune deltek eit samarbeidsforum i region indre Sogn. Rådmannsgruppa peiker ut ein leiar for dette regionale samarbeidsforumet for to år i samråd med vedkomande kommune. Leiaren deltek på fylkesplan i skuleutvalet, som er eit underutval av rådmannsutvalet i KS i fylket.

Det regionale samarbeidsforumet drøftar aktuelle samarbeidstiltak, vesentleg i høve til kompetanseutvikling, utvekslar erfaringar og orienterar seg om nye krav og føresetnader på oppvekstområdet.

3.2 Fagnettverka

Det eksisterande samarbeidet om skuleutvikling i Sogn består i hovudsak av samarbeid i såkalla *fagnettverk*, som er eit etterutdanningstilbod og fagleg utviklingsforum for lærarar i alle kommunane i indre Sogn og for dei vidaregåande skulane i regionen. Det er utpeikt ein koordinator for nettverka i ungdomsskule/vidaregåande skule og ein koordinator for barneskulenettverka. Desse sender ut innkalling, tek i mot påmelding og administrerer nettverka. Kvart nettverk har sin eigen nettverksansvarleg. Desse er fordelt på ulike skular. Dei nettverksansvarlege møtast ein gong i halvåret for å evaluere og planlegge neste semester. Koordinatorane møter så i regionmøte for å diskutere opplegget.

Nettverka bygger på dugnadsmodellen. I utgangspunktet må alle kommunar og alle skular vere villige til å ta ansvar for nettverk. Dei skaffar førelesarar/rettleiarar, syter for rom og tek seg av det praktiske kring samlingane. Eksterne førelesarar/rettleiarar har i hovudsak vore innkjøpte frå Høgskulen i Sogn og Fjordane, men og frå kompetansesentra, andre høgskular og frå kommunar med interessante prosjekt.

Drift av samarbeidet og kjøp av eksternt bistand har i hovudsak vore finansiert ved kompetansemidlar/prosjektmidlar kanalisert via fylkesmannen. Det er no slik at alle midlane går til dei einskilde kommunane, som i tilfelle må vedta å avsetje ein del av desse til regionale fellestiltak.

Fagnettverka i indre Sogn vert vurdert som vellukka og nyttige, og utgjer i dag det viktigaste etterutdanningstilbodet for lærarar i regionen.

Det er eigne nettverk på fagområda entreprenørskap og IKT. Det er i tillegg eit rektor- og rådgjevartnettverk der ein arbeider med meir overordna problemstillingar. Det er og etablert eit styrarnettverk i barnehagane.

4. Mål

Sogn regionråd har vedteke denne overordna målformuleringa som femner om dei behova som er skissert ovanfor:

”Meir kompetanse for den einskilde elev og eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutvikling i regionen.”

5. utfordringar og suksesskriteria

Ein har identifisert desse utfordringane og suksesskriteria:

Utvikle kompetansen hos skuleleiarane innanfor leiing og organisasjon

Endringar i kommunal organisering og aukande krav til endring og styring av skulen inneber at skuleleiarane får ein nøkkelrolle. Det vert viktig å sette skuleleiarane i stand til å drive endringsleiing i lærande organisasjonar, og det vert viktig at dei har blick for dei samfunnsmessige utfordringane som skulen kan bidra til at regionen møter.

Ut frå dette ser ein det som avgjerande med høg prioritering av eit program for kompetanseutvikling for skuleleiarane.

Kommunen som skuleeigar – sjå skuleutvikling i samheng med samfunnsutviklinga

Stikkord her er m.a.

- kunnskap om skulen på ploitisk nivå og hos administrativ leiing
- fornuftig tilretteleggjing/utnytting av programfag for val
- satsing på entreprenørskap

Det er viktig at elevane ser at det er mogeleg å få ei utdanning som kan føre dei inn i arbeidslivet i Sogn, og det er viktig at vi dyktiggjer elevane i høve til å kunne starte eigen verksemd. Det er fyrst gjennom å samle seg om fellestiltak at vi kan få til noko med kvalitet og som monner på desse områda, der det og er ein viktig føresetnad med samarbeid med vidaregåande skular, næringslivet og andre instansar.

Koordinere aktivitet i fagnettverk og sikre at dette arbeidet er forpliktande og målstyrt

Det er viktig å oppretthalde og bygge vidare på den strukturen og kompetansen som er etablert gjennom arbeid i fagnettverk i regionen. Dette har vore ein suksess, og det er ingen grunn til å endre vesentleg på strategien i høve til dette.

Dra nytte av erfaring/kompetanse/ressursar i andre regionar/høgskulen/fylkesmannen

Det vil vere vesentleg å kunne bygge på gode erfaringar i andre regionar, og i det vidare arbeidet må ein kartlegge vellukka satsingar som ein kan lære av. Vidare vil det vere fornuftig å ha ein tett dialog og eit samarbeid med høgskulen og fylkesmannen.

I høve til det regionale utviklingsaspektet vil også fylkeskommunen utgjere ein viktig samarbeidspartnar.

6. Langsiktig program for samarbeid om skuleutvikling i Sogn

På bakgrunn av dei utfordringane som er skissert og det overordna målet som er tilrådd, tek Sogn regionråd sikte på eit langsiktig program for skuleutvikling i Sogn. Programperioden vert sett til 2006 – 2012. Det vil likevel vere naturleg å vurdere programmet på nytt etter tre år, sidan det etter dette vil vere uvisse i høve til dei finansielle førsetnadene i form av statlege kompetanseutviklingsmidlar knytt til kunnskapsløftet.

All aktivitet i regi av Sogn regionråd/skuleregion indre Sogn som gjeld fellestiltak i høve til utvikling av skulen bør vere relatert til dette programmet.

7. Organisering og styring

Programmet må vere forankra i vedtak i den einssilde kommunen og i Sogn regionråd. Etter handsaminga i Sogn regionråd den 23.06.06 er det lagt vekt på drøfting med aktuelle samarbeidspartnarar og ein prosess i kommunane som leiar fram mot ein gjennomgang /informasjon i fellesmøte med formannskapa i oktober og eit vedtak i Sogn regionråd den 08.12.06.

Det vert gjort framlegg om etablering av eit *programstyre* med slik representasjon:

- Ein politisk representant frå ein av kommunane
- Leiar for skuleregion indre Sogn
- Ein representant frå skuleleiarane
- Ein representant frå Høgskulen i Sogn og Fjordane/Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Ein representant frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Det bør vidare etablerast ein funksjon som *prosjektleiar*, som har den løpande leiinga, koordineringa og oppfylgjinga av programmet, og som rapporterer til programstyret. Dette bør vere ei 100 % stilling som prosjektleiar som vert lyst ut for to år, og som gjerne kan vere knytt til sekretariatet for Sogn regionråd. Prosjektleiarstillinga bør kunngjerast ledig vinteren 2007 med tanke på tilsetjing frå august 2007. Fram til tilsetjing er gjennomført, bør dagleg leiar i Sogn regionråd og leiar for skuleregionen bistå programstyret.

Under programstyret må det vere ei organisering av arbeidet med dei delprogramma som ein bestemmer seg for å gjennomføre. Dette vert vidare omtala i det fylgjande. Ei skjematisk framstilling av framlegget til organisering ligg føre i vedlegg 2.

8. Finansiering

Det har tilflytt fylket ein del statlege midlar til kompetanseutviklingstiltak i samband med reforma Kunnskapsløftet. I 2006 er det tale om i alt kr 7,3 mill til kommunane og kr 2,5 mill til fylkeskommunen. Desse midlane går direkte til kommunane/fylkeskommunen (med føresetnad om utarbeiding av kommunal plan for kompetanseutvikling).

Dersom den einssilde kommunen set av 20 % av desse kompetanseutviklingsmidlane til fellestiltak (inkl. 1,5 % som ein er oppmoda om å sette av til tiltak på fylkesplanet) vil det i så fall utgjere i alt kr 340.000 som kan disponerast i regionen.

Regionen vil og kunne få tilgang til midlar til regional utvikling gjennom partnerskap med fylkeskommunen.

Sogn regionråd har i høve til regionalplanen for 2005 - 2008 og handlingsplanen for 2006 fastsett tiltak i høve til ungdom og skule:

Regionalplanen:

- Betre utdannings- og yrkesinformasjon blant unge
- Rekruttering av kompetanse til regionen
- Styrke kompetansenettverk i utvalde næringar
- Arbeide for utdanningstilbod tilpassa lokale behov

Handlingsplanen for 2006:

- ”Rekruttering:
 - Bistå skular og kommunar med utvikling av programfag i skulen. Prosjektet må koordinerast slik at det styrker arbeidet som vert gjort gjennom skulenettverket i Sogn og rådgjevartenesta.
 - Betre informasjon om yrkes- og karrieremoglegheiter i regionen blant elevar ved almenne- og økonomisk-/administrative fag.

I samband med regionalplan/handlingsplan, partnerskapsavtale med fylkeskommunen og regionrådet sitt budsjett for 2006, vil det vere mogeleg å nytte kr 200.000 til samarbeid om skuleutvikling i 2006. Ein føresetnad for å gjere dette, må vere at ein også for resten av regionalplanperioden tek sikte på tilsvarande avsetning av midlar, slik at ein kan arbeide ut frå eit visst tidsperspektiv. I alt vil ein då kunne disponere kr 540.000 årleg, dersom storleiken på dei statlege kompetanseutviklingsmidlane vert oppretthalden.

Vidare har fylkesmannen øyremerka i alt 20 % stilling til regionale utviklingstiltak i høve til skular og barnehagar i indre Sogn, tilsvarande vel kr 100.000.

I tillegg til dette vil ein truleg kunne pårekne både ytterlegare økonomiske midlar frå fylkesmannen og å kunne trekke vekslar på ny stillingsressurs hos fylkesmannen øyremerka til regionalt utviklingsarbeid innan skule. Ein ser og at programmet med delprogram kan gje grunnlag for å søke om andre eksterne midlar.

Når det gjeld entreprenørskap, vil planlagde samlingar hausten 2006 og våren 2007, der høgskulen har valt å nytte tilgjengelege midlar på kr 100.000 i indre Sogn, kunne inngå som ein del av den samla satsinga. Ved å inngå avtale med høgskulen om kompetansegejvande vidareutdanningstilbod innan entreprenørskap (min 15 stp) vil ein dessutan ved søknad til Utdanningsdirektoratet kunne få dekt 70 % av kostnadene ved tilskot derfrå. Studietilbodet må då igangsetjast i løpet av 2007.

9. Øvrige føresetnader for programmet

Det vil vere viktig å gjennomføre ein prosess som sikrar forankring i kommuneleiinga, lærarar og skuleleiarar i regionen, og då spesielt den siste gruppa.

Den 24.08.06 vart det gjennomført informasjon og drøfting på møte i skuleregionen. Det var her gode tilbakemeldingar på det planlagde programmet. Rådmannsgruppa handsama planen den 15.09.06. Programplanen vert så sendt ut til kommunane for handsaming, med frist 15.11.06.

Den 26.09.06 vert dei førebelse planane for programmet presenterte på møte i nettverket for skuleleiarane. Den 20.10.06 vil satsinga vere eit hovudtema på møte med alle formannskapa, og administrativ leiing og skuleleiarane vil og vere målgruppe for møtet.

10. Prosjekt/delprogram

10.1 Kompetanseutvikling for skuleleiarane

Mål: Skuleleiarane skal vere tydelege og endringsdyktige leiarar og skal setjast i stand til å nytte programfag til val og entreprenørskap som eit verktøy for kommunane i samfunnsutviklinga.

Strategi: Betre leiarskap i skulen ved å tilby skuleleiarane eit tilpassa utdanningsopplegg.

10.1.1 Felles langsiktig plan for kompetanseutvikling

Innhaldet i kompetanseutviklingsprogrammet

Profilen på kompetanseutviklingsprogrammet skal ta utgangspunkt i målformuleringa. I tillegg skal det å kunne utarbeide/vidareutvikle og bruke eit kvalitetssystem vere ein del av utviklingsprogrammet. Med kvalitetssystem meiner ein her både det konkrete (lovpålagde) kvalitetsvurderingssystemet og system i å bruke dette til faktisk å utvikle skulen.

Målgruppe

Målgruppa er rektorar og inspektørar i grunnskulen. I tillegg skal det kunne vere mogleg for skulefagleg ansvarlege/rådgjevarar å delta. Barnehagestyrarar og skuleleiarar i vidaregåande skule er ikkje målgruppe. Men det er viktig av skuleleiarane får den kunnskapen om barnehage og vidaregåande skule som trengst, for å få til gode overgangar, slik at det vert eit godt samla utdanningsløp for den einskilde eleven frå barnehage til vidaregåande opplæring.

Kven skal gjennomføre

Det bør vere Høgskulen i Sogn og Fjordane som står for gjennomføring av kompetanseutviklingsprogrammet. For dei som skal delta, vil det vere viktig at opplæring skjer lokalt. I tillegg ser ein det som viktig også ut frå andre perspektiv å nytte høgskulen i fylket.

Varighet og opplegg

Planen må òg avklare kor lang utdanninga skal vere for den einskilde deltakar - eventuelt delt opp i modular, tal samlingar/tal dagar pr år, om opplæringa skal vere kompetansegejvande og dessutan opplegg for frikjøp.

Dette punktet vil arbeidsgruppa å drøfte med skuleleiarane i regionen på nettverksmøte den 26.09.06, før det vert trekt vidare konklusjonar.

10.1.2 Bestilling av utdanningsopplegg

Det vert inngått avtale med Wiggo Hustad, Eduviva AS, om utarbeiding av eit bestillardokument basert på elementa i planen for kompetanseutvikling.

Det vert oppretta ei ressursgruppe knytt til Wiggo Hustad med 1-2 skuleleiarar, ein representant frå høgskulen og eventuelt ein politikar. I tillegg vil Inger Pedersen fylgje opp arbeidet frå arbeidsgruppa si side.

10.1.3 Tilrettelegging ved motivasjonstiltak og frikjøp av tid

Arbeidsgruppa meiner ein bør sjå på kva motiverande tiltak som kan gjennomførast i høve til å gjennomføre eit kompetanseutviklingsprogram. Vidare ser ein det som vesentleg å tilrettelegge ved naudsynt frikjøp, t.d. to veker årleg.

10.1.4 Framdriftsplan

Bestillardokumentet bør vere ferdig til starten av desember, dersom høgskulen skal kunne ha klart eit undervisningsopplegg frå neste skuleår. Arbeidsgruppa bør difor kunne førebu arbeidet med bestillardokumentet sjølv om programmet ikkje vert endeleg vedteke før i desember.

10.1.5 Drift

Leiar for skuleregionen har ansvar for å koordinere utdanningsopplegget, når det er etablert.

10.1.6 Økonomi

Det må setjast av midlar til ekstern bistand til utarbeiding av bestillardokument. Vidare må ein vurdere tilskot i samband med gjennomføring enten til høgskulen eller direkte til deltakar eller den kommunen som sender deltakarar. Ein bør og vurdere å avsette midlar til frikjøp.

10.1.7 Kommunane sitt ansvar

Det er ein vesentleg føresetnad at kommunane forpliktar seg til programmet og forankrar det i eigne kompetanseplanar og i tillegg set av eigne kompetanseutviklingsmidlar til å delta i programmet.

10.2 Kommunen som skuleeigar – sjå skuleutvikling i samanheng med samfunnsutviklinga

Mål: Kommunane skal sjå skuleutvikling i samanheng med samfunnsutviklinga og bruke skulen som eit verkemiddel for å styrke næringslivet og utnytte komparative fortrinn.

Strategi: Kommunane definerer sine mål og forventningar i høve til skulen som bidragsytar. Plan for tiltak i høve til dette.

10.2.1 Kommunane som medvitne skuleeigarar

For å kunne fylgje opp kommunane sitt ansvar og i tillegg kunne bruke skulen som eit verkemiddel for å nå kommunen sine mål, er det naudsynt med ein prosess i høve til kva det er å vere ein god skuleeigar. Dette er naudsynt også for å få eit godt samarbeid med dei tilsette i skulane og å kunne dra i lag i same retning. Målgruppa her er både politisk nivå og administrativ leiing i kommunane.

KS har gjort ei vurdering av kva som krevst for å fylle denne skuleeigarrolla, jfr vedlegg 1.

Det bør på regionnivå vurderast tiltak som bidreg til at den einskilde kommunen kan utvikle seg i skuleeigarrolla. Her kan ein m.a. trekke vekslar på KS Utdanning/KS Konsulent og fylkesmannen.

10.2.2 Utdanningstilbod lokalt som betre samsvarer med kompetansebehovet i regionen

For å tilrettelegge for eksisterande næringsliv i regionen og bidra til nyetableringar, er det viktig at det finst tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse. Ved å syte for at det aktuelle utdanningstilbodet finst lokalt, legg ein til rette for dette, og det kan dessutan bidra til at ungdom frå regionen i større grad utdanner seg og finn arbeid her framfor å flytte.

Gjennom eit samarbeid med fylkeskommunen, høgskulen og næringslivet vil ein kunne oppnå ei ynskt endring på dette området. Dette temaet omfattar og læreplassar. Det vert tilrådd at det så snart som råd vert sett ned ei arbeidsgruppe med representasjon frå desse instansane og frå kommunane med sikte på tilpasningar og tiltak frå skuleåret 2007/2008.

10.2.3 Forbetre rådgjevarfunksjonen og informasjonsarbeidet

Fylkeskommunen gjennomfører årlege samlingar for rådgjevarane for å dyktiggjere desse i høve til bistand og informasjon til elevane. Rådgjevarfunksjonen er svært vesentleg i høve til å sette elevane betre i stand til å vurdere kva val dei vil gjere. Rådgjevarar med god innsikt i utdanningstilbod og næringsliv i regionen vil dessutan kunne synleggjere ein utdannings- og karriereveg for elevane som gjer at dei etter kvart tek seg arbeid her.

Aktuelle tiltak i høve til dei som skal gje råd om utdanning/yrkesval:

- Eigne samlingar og kompetanseheving for rådgjevarane generelt i regionen
- Opplegg for systematiske bedriftsbesøk
- Systematisk møteplass med næringslivet - NHO som arena?

Aktuelle tiltak i høve til elevane:

- Utdanningsmesser
- Direktekunnskap om bedrifter og næringsliv - besøk
- Indirekte kunnskap gjennom rådgjevarsystemet
- Elev- og ungdomsbedrifter
- Generell kunnskap om næringslivet sine tilbod og kompetansekrav gjennom NHO?
- Vurdere elevprosjekt i høve til yrkesinformasjon

10.2.4 Programfag til val

Det nye faget ”programfag til val” er meint å skulle gje ”smakebitar” frå vidaregåande opplæring som ein del av opplæringa på ungdomstrinnet i grunnskulen. Føremålet med dette er å gje elevane betre føresetnader for å vite kva utdanningsretning dei skal velje og såleis redusere omfanget av feilval, omval og avbrot i utdanninga. Det skal lagast lokale læreplanar i faget, og det er her store fridomsgrader for den einskilde kommune og skule. Samstundes er det i dei ulike kommunane nokså ulike føresetnader for å kunne gjere dette til eit kvalitativt godt tilbod. Dette vil avhenge av m.a. økonomi, avstandar til vidaregåande skular og kva slags samarbeidsopplegg ein kan få til med fylkeskommunen/vidaregåande skular.

Ved å samarbeide i ein region kan ein truleg oppnå eit betre tilbod ved den einskilde skulen, samstundes som eit medvite arbeid kan vere med på å legge til rette for at fleire elevar vel å gå på vidaregåande skule lokalt og sikte seg inn på eit arbeid i regionen.

10.2.5 Entreprenørskap

Det er viktig med ei *systematisk* tilnærming for å få til ei forbetring som betyr noko i høve til entreprenørskap i skulen. Det foregår ein del bra arbeid i høve til entreprenørskap i dag, men dette er likevel for varierende og for mykje prega av individuelle og litt tilfeldige initiativ.

Opplæring og forankring av ansvar hos lærarane

Det bør lagast ein langsiktig plan for gjennomføring av utdanningsopplegg i regionen, i samarbeid med fylkesmannen og høgskulen, og der ein vurderer om ein kan få midlar frå Utdanningsdirektoratet, jfr pkt 8 ovanfor.

Langsiktig strategi og satsing i kvar kommune

Det bør stimulerast til at kvar kommune etablerer ein langsiktig strategi for satsing på entreprenørskap og etablerer arbeidsgrupper der næringslivet, skuleeigar og lærarar deltek.

Formidling av "beste praksis", samarbeid om å finne fram til eigna metodar

Entreprenørskap er ikkje eit eige fag i skulen, og har ingen plass i læreplanane. Skulane og lærarane vert såleis heller ikkje målte ut frå karakterar o.l. på om skulen gjer det bra i høve til entreprenørskap.

Korleis ein likevel kan finne plass for entreprenørskap og organisere skulen slik at elevane får informasjon og kompetanse i høve til å kunne starte eiga verksemd, vil difor bero på kreativitet og lokale tiltak. Det er viktig å trekke vekslar på andre sine erfaringar og idéar i høve til dette. Etablering av ein systematikk med nettverksgrupper i regionen kan vere eit aktuelt tiltak for å få til dette.

10.2.6 System for dialog med næringslivet

Det er næringslivet som best kan definere behovet for arbeidskraft/kompetanse, og næringslivet vil dessutan vere ein vesentleg bidragsytar i høve til entreprenørskap. Partnerskapsavtalar med utvalde bedrifter målretta mot ulike klassetrinn, fagområde m.m. kan vere føremålstenleg både i høve til informasjon om yrkesvegar i regionen og kunnskap om det å starte/drive ei næringsverksemd.

Ein ser det såleis som viktig å få etablert eit system for løpande dialog med næringslivet.

10.2.7 Vidare arbeid med å konkretisere tiltak

Innanfor tidsramma har ein ikkje hatt høve til å konkretisere tiltaka ytterlegare. Ein ser det som naudsynt å etablere ei eiga arbeidsgruppe for å utarbeide slike framlegg, og vil tilrå at representantar frå høgskulen, NHO, Kunnskapsparken i Sogndal, fylkeskommunen og ressurspersonar frå to kommunar deltek i ei slik gruppe.

10.2.8 Drift

For å kunne etablere og fylgje opp systematiske tiltak på dette området vil det vere behov for å opprette ei prosjektgruppe for dette delprogrammet med om lag same representasjonen som nemnt i pkt 10.2.7. Prosjektleiaren for programmet "Sats på skulen - snu Sogn" må dessutan nytte ein vesentleg del av si tid til å styre og koordinere arbeidet med delprogram 2.

10.3 Fagnettverk

Mål: Oppretthalde og vidareutvikle eksisterande fagnettverk i regionen.

Strategi: Syte for tilstrekkelege økonomiske rammer og eit samarbeidopplegg som sikrar fokus på viktige behovsområde.

10.3.1 Samarbeidsopplegg

Organisering, felles målretting og forplikting

Fagnettverka i regionen er i dag eit etterutdanningstilbod og fagleg utviklingsforum for lærarar i alle kommunane i regionen, og dei vidaregåande skulane i regionen. Det er i tillegg etablert eit styrarnettverk i barnehagane. Fagnettverka er i dag brukarstyrde på innhaldssida. Ein må gjennom dialog kome fram til rimeleg balanse mellom brukarane og skuleeigarane sine behov..

Nettverka er organiserte med kvar sin koordinator og nettverksansvarleg i kvar kommune. Med flytting av barnehagen inn i kunnskapsdepartementet, og ny rammeplan/lov som slår fast barnehagen sin viktige rolle som oppvekst- og læringsarena for barn under opplæringspliktig alder, ser ein det naturleg å sjå fagleg kompetanseutvikling for skule og barnehage under eitt.

Av dette fylgjer:

- å samle alle nettverka frå barnehage til og med vidaregåande skule under ein paraply for skule- og barnehageregionen.
- at alle kommunane i regionen må forplikte seg til å delta i skule/barnehageregionmøta og i fagnettverka
- skule- og barnehageregionen må kommunisere oppover og nedover for å sikre dialog mellom brukarane og skuleeigarane.
- ein beheld dei 3 nettverkskoordinatorane som ei arbeids/referansegruppe i høve til regionen

Skuleeigar – kommunane representert gjennom Sogn regionråd
--

Rådmannsgruppa
Skuleregionen på vegne av rådmannsgruppa

Fagnettverka i Indre Sogn		
Fagnettverk for ungdomsskule og vidaregåande skule	Fagnettverk for barneskulane	Fagnettverk for barnehagane

Kommunikasjonen mellom nettverkskoordinatorane og skuleregionen vert opplevd som ganske god. Det som manglar er rutinar/system for kommunikasjon mellom skuleeigar /rådmannsgruppa og skuleregionen. Dette kan løysast m.a. ved faste møte på regionplan mellom sekretær for regionrådet, representant for rådmannsgruppa og leiar for skule/barnehageregionen.

Omfang

Det er i dag 17 nettverk i regionen. Nokre har møte to gonger i året, andre berre eitt. Norsk, matematikk, engelsk bør ha to samlingar i året, ei med ekstern førelesar og ei med erfaringsutveksling. Rektor- og rådgjevarnettverket bør ha min. to samlingar pr. år.

Økonomi

Det bør setjast av kr 120.000 i året til innleige av eksterne krefter (HISF/kompetansesentra m.m.), og kr 10.000 årleg til dei som har to møte i året (kr 80.000).

Stillingsressurs til koordinering av nettverka bør sjåast i samanheng med ressurs til prosjektleiar/regionkoordinatorstilling.

10.3.2 Viktige behovsområde

Det 13-årige utdanningsløpet/gjennomgåande læreplanar for fag/gode overgangar

Dokument: Notat frå fylkeskommunen/fylkesmannen til kompetanseforum av 09.11.2005

Brev frå Skuleutvalet om samarbeid på tvers av skuleslaga av mai/juni 2006

Det er fastsett nye læreplanar for grunnskulen og for einskilde fag i vidaregåande opplæring. I norsk, matematikk, naturfag, engelsk, kroppsøving og 2. framandspråk er læreplanane såkalla gjennomgåande, dvs. at dei inneheld mål for ulike årstrinn i grunnskulen og for eitt eller fleire årstrinn i vidaregåande opplæring. Dei nye læreplanane fokuserer på mål for elevane sin sluttkompetanse, og skuleeigarane har mykje større høve til å påverke innhaldet i læreplanane enn før.

Dersom den einskilde elev skal oppleve god samanheng og progresjon på dei ulike stega i skuleløpet sitt, vil det vere naudsynt med eit systematisk samarbeid mellom grunnskule og vidaregåande skule. Eit slikt samarbeid er ein av berebjelkane i heile Kunnskapsløftet. Det vil og vere viktig å sjå samanheng mellom barnehagen og grunnskulen. Denne progresjonen gjeld og dei 5 grunnleggjande dugleikane som er definerte og bygde inn som ein del av alle fagplanar.

Ut frå dette bør det lagast eit eige delprogram for korleis fagnettverka skal arbeide med gjennomgåande læreplanar og gode overgangar

Lokale læreplanar

Det er ulike modellar for korleis dette vert gjennomført. I nokre tilfelle vert dette fullt ut delegert til den enkelte skule, i andre tilfelle gjev kommunestyret innspel til innsatsområde gjennom kommuneplan og handsaming av utviklingsplanar for skule og barnehage. Dersom ein ynskjer felles overordna innsatsområde for heile regionen må dette initierast av regionrådet, og følgjast opp i den einskilde kommune. Entreprenørskap må vere ein del av lokale læreplanar i fag.

Tilpassa opplæring og kompetanse for den einskilde elev

Tilpassa opplæring for alle er ei overordna målsetjing i Kunnskapsløftet. Dette skal gjelde alle fag, og alt arbeid i skulen. Det er gjennom deltaking i KS sine effektiviseringsnettverk og skuleutvalet/fylkesmannen sett søkjelys på høgt tal einskildvedtak i høve i spesial-undervisning. For kommunane i vår region, med unntak av Balestrand og Vik, ligg dette godt over fylkesgjennomsnittet, og høgt over landsgjennomsnittet.

Det må lagast eit eige delprogram med målsetjingar og strategiar for arbeid med betre tilpassa opplæring i alle skuleslag. Stikkord her vil vere samarbeid med PPT-kontora i fylket, systemarbeid, læringsstrategiar,

Entreprenørskap

Definisjon av omgrepet entreprenørskap.

Entreprenørskapstenking skal gjennomsyre alt arbeid i skulane i Indre Sogn

Entreprenørskap må vere ein del av lokale læreplanar i faga, ikkje eit eige fag, men del av mange fag/arbeidsområde.

Haldnings- og ferdigheitsdelen i entreprenørskap er spesielt viktig.

Det bør vere eit eige fagnettverk i entreprenørskap i tillegg til arbeid gjennom rektor- og rådgjevarnettverket for å forankre entreprenørskap i leiinga ved kvar skule

Entreprenørskap i barnehagen

Kompetanseutvikling i entreprenørskap – kurs i Real 24. og 25. oktober i Sogndal + 3 dagar vinteren 2007. Samarbeid med HISF.

Samarbeid med Høgskulen, Partnarskapet og lokalt næringsliv i form av partnarskapsmodellar og utviklingsprosjekt

Det må lagast eit eige delprogram i entreprenørskap med plan for langsiktig fellessatsing og utdanningsopplegg. Dette må sjåast i samanheng med programfag til val.

Kompetanseutvikling for barnehagane

Det er gjennomført kompetansekartlegging i barnehagane i regionen. Kvar kommune lagar kompetanseplan med prioriterte område ut frå tema i rammeplanen. Dette dannar grunnlaget for regionplan for kompetanseutvikling i barnehagane. Det vert gjennomført kompetanseheving i nettverk i samarbeid med HISF. Bruk av statlege kompetansemidlar som er prioritert styrarar og pedagogiske leiarar/førskulelærarar

Det bør lagast ein eigen plan for kompetanseheving for assistentar

Målsetjing: alle assistentar får høve til å bli fagarbeidarar

Dette kan gjerast i samarbeid med fylkeskommunen/vidaregåande opplæring

11 Framdriftsplan

- 15.9.6 Drøfting i rådmannsgruppa - deretter høyring i kommunane med frist 15.11.06.
- 26.9.6 Presentasjon og drøfting på nettverksmøte for skuleleiarar
- 20.10.06 Fellesmøte for formannskapa
Sette i gang arbeidet med bestillardokument for kompetanseutviklingsprogram for skuleleiarar
- 1.12.6 Bestillardokument ferdig
- 08.12.06 Vedtak i Sogn regionråd
Programstyret vert etablert og fylgjer opp programmet
- 2007 - 2012 Gjennomføring av programmet

Den nedsette arbeidsgruppa består fram til programstyret er etablert og tre i funksjon.

Tabell 1 KS om skuleeigarrolla

KS ønsker en skole som er i kontinuerlig utvikling.

Siden de enkelte kommuner og fylkeskommuner er forskjellige, vil en utfyllende definisjon av skoleeierrollen måtte være gjenstand for justeringer i forhold til tid og sted.

Med det forbehold mener KS på prinsipiell basis det kan sies at en god skoleeier til enhver tid har oversikt over virksomheten i sine skoler, driver systematisk oppfølgingsarbeid og gjennom kompetent ledelse bidrar aktivt til å utvikle skolene i takt med samfunnets behov og endrede krav.

KS mener at det å kunne innta en slik skoleeierrolle bygger på en rekke forutsetninger:

- For å kunne være en aktiv skoleeier må man kjenne skolen og ha kompetanse og kapasitet til å drive utviklingsprosesser og veiledning. Gjennom saksframlegg til kommunestyret og fylkesting gis det politiske nivået mulighet til å sette skole på dagsorden og etablere rutiner for vurdering av utdanningssektoren i den enkelte kommune og fylkeskommune og slik bidra til at målene nås.
- For å ha oversikt over hva som skjer på skolene trengs det gode systemer for dokumentasjon av kvantitative og kvalitative innsatsfaktorer og resultater, og analyse- og vurderingskompetanse.
- For å kunne utvikle må man vite hvor man vil, med andre ord ha utarbeidet lokale mål.
- For å stadig bli bedre, er det nødvendig å ha oversikt over og tilgang til forbedringsverktøy og kompetanse til å bruke dem.

I bunnen ligger tilstrekkelige personalmessige og økonomiske ressurser.

KS mener at kommuner og fylkeskommuner som gode skoleeiere:

- Er bevisste utøvere av sin egen styringsrolle i utforming av en lokal/regional utdanningspolitikk basert på nasjonale rammer, herunder sørge for god bredde i studieretning og tilbud, samt tilpasset opplæring
- Har fokus på skolens formål: Barn og unges læring i vid forstand, jevnfør opplæringsloven, Læringsplakaten, Læreplanens generelle del og de enkelte fag, samt lokale mål for skolen
- Har oversiktskunnskap om sine skolers virksomhet, innsatsfaktorer og resultater
- Har politisk kompetanse på skole, med planmessig gjennomgang av virksomheten og fastsetting av lokale utviklingsmål
- Har administrativ kompetanse på skole og er i inngrep med skolene, uavhengig av organisasjonsstruktur
- Har kompetanse og kapasitet til å være en aktiv pådriver i utviklingsprosesser
- Bidrar til å utvikle skolen som en lærende organisasjon som reflekterer over egen praksis og resultater, og korrigerer kursen der det er behov
- Har en aktiv dialog med lederne, foreldrene, elevene og de ansattes organisasjoner
- Har system for kvalitetsutvikling
- Har verktøy for resultatvurdering og oppfølging
- Har en bevisst rekrutterings- og karrieropolitikk
- Sørger for planmessig kompetanseutvikling for de ansatte ut fra definerte behov
- Tar ansvar for å koble skole og andre kommunale og fylkeskommunale tjenester/lokalmiljø, for dermed å legge til rette for et helhetlig, godt og trygt oppvekstmiljø
- Har fokus på kvalitet i skolebygg, fysisk utemiljø, arbeidsmiljø og arbeidsplasser for elever og ansatte.

”Sats på skulen - snu Sogn

Organisering i programperioden

